





# KULDE

AV LARS NOREN

NORGESPREMIERE 2. MARS 2005



AGDER TEATER




**Premieren** på svenske Lars Noréns «Kulde» ved Agder Teater markerer ikke bare norgespremiere på dette kontroversielle teaterstykket, men også gjenopplivingen av et prosjekt teatret hadde hell med forrige gang det skjedde: Rugekassa, et rekrutteringstiltak for og med unge teatertalenter på Agder. To nye av dem står på scenen i kveld, mens ytterligere to debuterer i profesjonell sammenheng, scenograf/kostymedesigner Anne-Kristine Rekdal og lyddesigner Simen Hefte Endresen – alt under myndig ledelse av instruktør Trond Birkedal.

Det er mitt håp at kveldens forestilling ikke bare setter søkelyset på en snikende og dødelig gift i vår norske virkelighet, nemlig fremmedhatet – men også holder opp mot lyset nye begavelser i teaterkunsten. Og at summen av dette blir en opplevelse av teater som nåtidig, utfordrende og viktig.

Man ønsker kanskje ikke «god fornøyelse» til kveldens spiral av angst, hat og vold, men snarere «velbekomme» – for kveldens tekst er nok mer virkelighetsnær enn vi skulle kunne ønske. Også derfor er det viktig å spille den.

Med vennlig hilsen

  
Alex Scherpf  
teatersjef

HOTEL NORGE

BØLGEN & MOI

Takk til Skabo AS, Palleet, Oslo

Ansvarlig utgiver: Agder Teater AS ved Alex Scherpf  
Programredaksjon: Nina Hammersmark  
Illustrasjon forside: Edward A. Falk  
Fotos fra forestilling: Kjartan Bjelland

Trykkeri: R. Stav Johanssen Trykkeri AS  
Grafisk produksjon: Jan Andersen Reklamebyrå AS

Forestillingen varer ca. 1 time 20 min. (Ikke pause). Det er ikke tillatt med fotografering og videoopptak under forestillingen.  
**Under forestillingen blir det brukt stroboskopisk lys (blitzlys). Dette kan fremkalle ubehag.**

NB ! Husk å slå av mobiltelefonen.



AGDER TEATER

AGDER TEATER PRESENTERER

# KULDE

AV LARS NORÉN

**Instruktør:** Trond Birkedal

**Oversatt av:** Alex Scherpf

**Scenograf/  
kostyme-**

**designer:** Anne-Kristine Rekdal

**Lysdesigner:** Ole Georg Bysheim

**Lyddesigner:** Simen Hefte Endresen

**Sminkør:** Helga S. Flateland

**Anders:** Marius Lien

**Kalle:** Ryan Hust

**Ismael:** Jan Ø. Fjeldal

**Keith:** Åsmund-Brede Eike

**Inspisient:** Nina Ruud

**Rekvisitør:** Audun Rossvoll

NORGESPREMIERE

onsdag 2. mars 2005

## Agder Teater

Mandag 7. mars kl. 19.00  
Tirsdag 8. mars kl. 19.00  
Onsdag 9. mars kl. 19.00  
Torsdag 10. mars kl. 18.00  
Mandag 14. mars kl. 19.00  
Tirsdag 15. mars kl. 19.00  
Onsdag 16. mars kl. 19.00  
Torsdag 17. mars kl. 19.00  
Fredag 18. mars kl. 19.00

Onsdag 6. april kl. 18.00  
Torsdag 7. april kl. 18.00  
Fredag 8. april kl. 11.30  
Fredag 15. april kl. 11.30


## Turné:

Arendal Kulturhus  
Tirsdag 12. april kl. 19.00  
Onsdag 13. april kl. 19.00

Teaterlauget Agder:

@agder energi

Nordea






### **Trond Birkedal (instruktør)**

er utdannet ved Statens Teaterhøgskole 1984, begynte som instruktør i 1989 ved Teatret Vårt. Ansatt som fast instruktør ved Trøndelag Teater fra 1991. Birkedal bor i dag i Bærum og jobber som frilans instruktør. Han har instruert over 40 produksjoner og var sist aktuell som instruktør ved Brageteatret med forestillingen «Ondskap» i 2004.



### **Åsmund-Brede Eike (Keith)**

er autodidakt og gikk på Revyskolen i 1990/92. Han har jobbet som skuespiller siden 1992 og har erfaring fra Trøndelag Teater, Nordland Teater, Den Nationale Scene, Det Norske Teatret, film, TV, musikal og reklame. Eike har blant annet medvirket i teaterforestillingene «Saturday Night Fever», «Ondskapen», «West Side Story», «Rent», «Hamlet» og «Jungelboka», samt i TV-produksjonene «Brigaden», «Skolen», «Flåttum gård» og «Blodsbånd», alle fra NRK. Han har også medvirket i kinofilmene «Livredd», «Blind Gudinne», «Tachunga» og «Gråtass».



### **Jan Ø. Fjeldal (Ismael)**

er utdannet i drama ved Hayward High, USA (1991/92) og Revyskolen (1995/96). Hans første møte med profesjonelt teater var i Agder Teaters produksjon «Catilina» i Fjæreheia i 1993, hvor han hadde rollen som «statist m/ replikker». Suksessen ble gjentatt året etter, og i «Når vi døde vågner» i 1996. I over 10 år har han vært aktiv i amatørteatermiljøet i Kristiansand, hvor han har medvirket i produksjoner som «Romeo og Julie», «Sluttpill», «Café Fatale» og «Kuler i Solnedgang». Han har også medvirket i diverse reklamefilmer og TV-produksjoner og blir å se i «Emma» i Fjæreheia sommeren 2005.



### **Ryan Hust (Kalle)**

er utdannet i 2000–2003 ved Liverpool Institute for Performing Arts i England. Hust medvirket i produksjoner som «En midsommernattsdrøm» ved Den Nationale Scene og «Herskepipa» ved Det Norske Teatret. Han har også satt opp «An Angel's Lament» i Liverpool, et stykke han selv har skrevet.



### **Marius Lien (Anders)**

deltok i Idun Theaters forestillinger «Det kan hende i de beste familier» (1999) og «Bursdagsfesten» av Pinter (2000). Han spilte servitøren Bernhard i 2003 i «Café Fatale» på Rosegården og i 2004 medvirket Lien som Cowboyen Slim i Det Dramatiske Selskabs «Kuler i Solnedgang» med instruktørene Alex Scherpf og Ole Geir Feste. Lien har hatt hovedrolle i TV-piloten «Det kommer en vår» for Metronome Spartacus om krigen på Sørlandet i 1941.





**Anne-Kristine Rekdal** (scenograf og kostymedesigner)

har kunsthistorie mellomfag fra Universitet i Oslo og studier i tegning og maleri i 4 år ved Mosebekk Tegneskole. Rekdal har også ett år med tegning fra Statens Formingshøgskole og har vært tilknyttet Agder Teater i et år som blant annet scenografiassistent og maler i «Antigone», «La Traviata» (Opera Island) og «Oliver».



**Ole Georg Bysheim** (lysdesigner)

Bysheim har vært ansatt på Agder Teater siden 1985. Han har også jobbet som lysmester på kulturhuset og hatt lys- og lydansvar for en rekke egenproduksjoner i regi av Barne- og ungdomsteatret, Kåre Zachariassen og Det Dramatiske Selskab.



**Simen Hefte Endresen** (lyddesigner)

har vært knyttet til Agder Teater siden 2001. Han har arbeidet som vikar i lysmesterstillingen siden 2003 og har hatt lys- og lydansvar for flere store produksjoner i regi av Agder Teater, Barne- og ungdomsteatret og Det Dramatiske Selskab. Endresen hadde lyddesign på forestillingen «Mugg» i 2003.



**Helga Flateland** (maskør)

Flateland er utdannet frisør og var ansatt som sminkør og maskør ved NRK-Marienlyst i perioden 1991-2001. Der arbeidet hun med show, teater og film, bl.a. «Peer Gynt» og «Sofies verden». De siste årene har hun bodd i Kristiansand, og har ved flere produksjoner vært tilknyttet Agder Teater, blant annet i «Mysterier», «Mugg», «Lilli Valentin» og «Oliver», samt Opera Sørs «Den grønne riddaren» i 2004.



# Kuldesjokk

av Gunvor Lande, førsteamanuensis, HiA

Dette er ikkje noko lysteleg lystspel.

Likevel går forfatternen Lars Norén frå suksess til suksess når han set lyskastaren på vårt demokratiske samfunn og dei løynde romma der. Istaden er stykket ærleg, det er fyllt av naken ærlegdom. Ein må liksom ta seg til bringa, gispe etter luft og seie: Er livet så hardt? Er menneska så vonde?

Lars Norén er dramatikaren som vil bruke teatret i samfunnets teneste og vekke til innleving. Han set samtids- og samfunnsspørsmål på dagsorden, han legg dei på folks lepper og i folks hjarta. Han gjer det, ikkje med intellektuelle ord-analyser, men med pulsslag og beinhard skildring skoren ut or kvardagen. Han meiner det er teaterets oppgåve å utvikle menneskets innlevingsevne, for utan denne blir berre det kalde og råe igjen. Det er nok ikkje utan grunn at stykket har fått namnet Kulde.

Lars Norén er fødd i Stockholm 1944. Han har ein stor produksjon og er sidan midten av 1980-talet ein av Sveriges mest spela dramatikarar, både i og utanfor heimlandet.

Han har alltid skrive, først lyrikk, seinare drama, oftast i spenning mellom desse to: han vil utfordre samtid og samfunn, og han vil vekke til innleving. Stykka hans reiser debatt, men han er ein omtykt dramatikar. Den ærlege skildringa gjennomstrøymar alle fasane hans, anten han skriv brutale familieskildringar, kontroversielle samfunnsdrama, eller reiser eksistensielle spørsmål på grensa mellom liv og død. På nytt og på nytt evnar han å fornye formspråket sitt. Dialogen, samtalen, det lyttande mennesket, kjenneteiknar dramatikken hans. Til liks med Jon Fosse, som han ofte blir samanlikna med, nyttar han dei små orda til å få fram dei store og omtumlande hendingane.

Han hadde ein vanskeleg barndom. Mora døydde då han var fem år, og han voks opp på eit hotell i Skåne. I forfattarskapet sitt arbeider han med mors- og fars-

bindingar som grunnkonflikt, og lengten etter den varme heimen han aldri fekk, kan merkast. Det blir sagt at han skriv same stykket kvar gong, berre annleis.

Norén debuterte tidleg, som lyrikar. Som dramatikar slo han gjennom i 1982 med eit sjølvbiografisk farga drama «Natten är dagens mor». På 1990-talet laga han familie- og vennedrama. Desse var ofte brutalt ærlege skildringar. Deretter kom ein periode som avspeglar eit kontroversielt samfunnsengasjement. I 1989 byrja han på ein triologi om dei utstøytte, kalla «Morire di Classe» (Klassens død). Her fortel alkoholikarar, narkomane, nynazistar og pedofile sexmordarar sine historier. Stykket «Sju Tre» frå denne triologien vart uroppført med m.a. to fengsla nynazistar i rollene som seg sjølve. Stykket skapte debatt om forholda mellom litteratur, teater og politikk. Like etter siste forestillinga rana dei to nynazistane ein bank, og skaut ned og drap to politimenn.

Etter denne samfunnsfasen vende han attende til den private sfæren med ein triologi om døden. Det første av desse stykka, «November», vart urframført på Det Norske Teatret i 2001 i regi av Lars Norén. Her er formspråket atter nytt, draumliknande og absurd. Fire menneske vaknar opp etter døden, dei kan ikkje forsvinne før dei har løyst dei problema dei hadde i livet. «Kulde» (Kyla) hadde premiere i mars 2003.

Når ein kjenner til Noréns bakgrunn og litterære utvikling kan ein sjå at dette stykket også har fleire nivå. På det første nivået er handlinga eit møte mellom fire gitar ein førsommarmveld. Handlinga er lagt til ein heilt spesiell førsommarmveld, ein merkedag i Sverige, då dei som er ferdige med vidaregåande skole og har «teke studenten» blir gjort krus på i familie- og vennekretsen. Den eine guten er ein slik «student». No er han på veg til festen der familie og venner skal feire han. Dei andre tre gutane har vel helst droppa ut av skolen. Dei driv omkring, dei er berusa, frustrerte og fulle av forakt. Så byrjar dei trakasseringa av «studenten», som til overmål er adoptivson frå eit framandt land.



Det endar ille.

Det neste nivået set heimebakgrunnen til dei to gutegruppene opp mot kvarandre. Kanskje kan me ane ei slags forklaring i denne bakgrunnsteikninga. Når Norén legg hendinga til denne heilt spesielle merkedagen, får valet av dag ein symboleffekt som set dei to gruppene i skarp kontrast. Individnivå og samfunnsnivå flyt her saman. No vil Norén vise oss løynde rom i samfunnet og slik vekke oss til innleving.

I «studentens» heimebakgrunn er rammene og nettverket i orden. Me anar også menneske som bryr seg om kvarandre. Ei gavmild bestemor, ein kjærast, ein ungdom på veg til ei av livets store hendingar, eksamensfesten etter «studenteksamen», i familien. Det er ein milepæl i livet, grunnlaget er lagt, no ligg valmulighetene for døra. Det er gjester, festmiddag, fellesskap med slekt og vener. Her er dei tradisjonelle verdiane, her er demokrati-verdiane. Norén har gjort det vanskeleg for oss fordi det er den adopterte guten med annan hudfarge som er bærar av desse tradisjonelle verdiane.

Dei andre gutane i den andre grupperinga har ein rotete bakgrunn. Ideologisk gjev dei seg ut for å kjempe for eit rasereint land, men faktisk er ein av dei innvandrar. Likevel blir han fort akseptert i flokken. Desse gutane har ein tilfeldig livsstil, dei kjøper kioskmata og fyller på med øl. I desse Fedon Lindberg-tider kan ein spørja korleis ungdommar på slik kost i det heile kan tenke ein klar tanke. Her har Norén teke eit viktig poeng på kornet. Det viser kor avslørande ærleg hans skildring er.

Gutane har lite struktur på livet. Det meste skjer tilfeldig. Dei har lite pengar og prioriterer etter lystbehov i augneblinken. Heimenettverk ser ut til å mangle, dei prøver istaden å bygge eit interessennettverk seg imellom, dei har ein makt-elleskap som skil mellom «dei» og «oss».

Når Norén skildrar dette nivået kjenner me att hans eigen periode med avslørande familieskildringar. Han tek oss attende til perioden med harde familieskildringar. Dette har også vore ein gjennomgangstråd i Noréns forfattarskap, lengten etter varme fars- og morsrelasjonar, og kor fortvila urealistisk denne lengten kan vera.





Det neste nivået kan seiast å vera ideologi. Her set Norén fellesskapen omkring den reine rasen opp mot demokratiet. Men det tankevekkande er at det aldri blir noko fulltonande samling om den reindyrka ideologien. Fellesskapen mellom dei med den rotete bakgrunnen viser at denne fellesskapen inneheld mange ulike element. Det å bygge ein interessefellesskap – nokon å høyre saman med – overstyrer tanken om ein interessefellesskap for den reine rasen. Rett som Norén presenterer deira ideologi, tuklar han det til og set spørsmål ved heile den anti-raseblandingfellesskapen dei bygger seg. Norén gir oss det til drøfting og til erkjening – at den reine ideologien er ein ting, nærfellesskapen dei treng så sårt å bygge seg imellom er noko anna, og det er nærfellesskapen det kanskje mest av alt gjeld, endå om det kan bli ein fellesskap i destruksjonen. Dei treng ein plass å høyre til. Dermed blir dette med ein styrande ideologi ikkje lenger så klart, og det gjer saka endå vanskelegare. Er dei ideologisk farga gutane einast ideologisk styrde? Er dei ikkje like mykje styrde av andre ynskje og ein annan lengt?

Demokrati-representanten er der også. Han er attpåtil den adopterte, etterlengta sonen med annan hudfarge. Han er først vag, men han vågar. Han veit at noko er rett og noko anna er feil. Han har klare demokratiske verdiar og verdistandpunkt. Men er det nettopp dei klare verdistandpunkta som fører han i ulukka? Det som gjer dette perspektivet så uuthaldeleg er at demokratiet taper i stykket – slik kan det i alle fall sjå ut når demokrati-representanten blir overmanna og taper.

Ideologisk sett reiser stykket såleis spørsmålet om likeverd. Me trur og har trudd på ei oppfostring til demokratiske verdiar, til likeverd og respekt. Men ikkje berre det, også oppfostring til mot, til å våge å ta val, velge verdiar å stå for, også i motvind.

Men dette er skjort. Det er representanten som vel demokrati-verdiane og viser mot som må gje tapt for ein annan ideologi, eller i alle fall for menneske som gjev seg ut for å ha ein annan ideologi med andre verdiar enn dei demokratiske. Det er dei som me vanlegvis ser som taparar i samfunnet, som utskot og utgrupper, det er desse som vinn over demokrati-representanten – han som vanlegvis er vinnaren i samfunnskampen, han med fleirtalsstandpunkta, han som har vakse opp med ei



verdioppfostring heimanfrå og frå skolen som vil gjera han til «gagns menneske».

Det grelle er at vinnaren blir tapar. Det reiser spørsmålet i all si gru: kva for verdiar vil me ha i folket, i landet? Skal det vera demokratisk likeverd eller ulikeverd? Kva om likeverdet taper for den rå makta? Er tanken om likeverdet då forkasta?

Norén reiser også spørsmålet: Kva er det å høyre til ein nasjon? Sjølv er han svensk, men for oss er det naturleg å spørja: kva er det å vera norsk? Er det eit visst demokratisk verdiset som grunnlag for livet, uavhengig av hudfarge, genetisk bakgrunn og tilknytning til formødre- og fedres historie – eller er det nettopp hudfarge, genetisk bakgrunn og tilknytning til slektas historie som gjer ein norsk? Kor mange år må ein ha levd her, kor mange slektledd må ein ha levd her, for å kunne kalle seg norsk?

Kor like må me vera for å kunne kalle oss norske? Er det norsk å vera like, eller går det an å starte i dette at me alle er ulike som menneske, og så bygge ein mangfaldig fellesskap på det?

Må ein solidarisere seg med demokratiske samfunnsverdiar for å kunne kalle seg norsk? Kor stor må felleskjernen av verdiar vera? Stykket reiser det grunnleggande spørsmålet om kva som må til for å kunne kalle seg norsk.

Stykket foregår og reiser spørsmålet både på individplan, på samfunnsplan og på ideologiplan, og alt kjem til synes i enkle replikkar på eit daglegdags språk. Norén har det til liks med Strindberg, Fosse og Ibsen at han reiser grunnspørsmåla i tilværet ut frå situasjonar som er henta frå eit daglegdags liv, same kor grotesk og forferdeleg utfallet enn er.

Stykket må sjåast i solidaritet med dei som også i vårt land har opplevd parallelle situasjonar til den som dramaet reiser, situasjonar som har lagt etter seg smerte og øydelagde liv.

Kva for verdiar vil me ha i folket, i landet? Skal det vera demokratisk likeverd eller ulikeverd? Kva om likeverdet taper for den rå makta? Er tanken om likeverdet då forkasta? ■





## Jeg er ikke

filosof eller psykolog, jeg er sceneinstruktør.

Mitt arbeid er å fortelle en historie med de virkemidlene jeg har til rådighet. Som oftest er jeg så heldig at jeg kan velge historien selv, så også nå. Denne historien er ikke ny, ikke unik, ikke spesielt norsk eller sørlandsk men en historie som må fortelles om igjen og om igjen så vi ikke glemmer våre egne fordommer. Spørsmålet må gjentas gang på gang: Hvordan kan dette skje?

Hva tenker jeg:

Når ett menneske fra en annen kultur eller med en annen hudfarge behandler meg dårlig, i motsetning til hva jeg tenker når en som jeg betrakter som «en av mine egne» behandler meg dårlig? Når livet mitt, eller noen som står meg nær, går i stykker og samfunnet ikke hjelper, samtidig som jeg ser at en «svarting» får sosial hjelp og støtte i hue og ræva? Når desperasjonen blir stor nok til at det å utøve vold kan rettfærdiggjøres?

Denne desperasjonen, som fører til volden, er til stede i vårt samfunn hver dag, og hva gjør vi med det?

Jeg håper du vet litt *mindre* når du forlater teatret.

Vennlig hilsen  
Trond Birkedal  
Instruktør




Foto: Martin Skoog, Riksteatern

**Lars Norén** (født 1944) er en av Sveriges ledende dramatikere og har siden 1999 vært kunstnerisk leder for Den Svenske Riksteaterns enhet Riks Drama.

Norén har siden midten av 1980-tallet blitt spilt både nasjonalt og internasjonalt og hans stykker skaper debatt, men blir hyllet av både publikum og kritikere. Lars Norén er svært produktiv og er stadig på jakt etter nye formspråk. Hans stykker er realistiske, ofte familie- og relasjonsdramaer om mennesker på bunnen av samfunnets rangstige. Det som kjennetegner hans drama er den nære hverdagsdialogen. En annen fellesnevner er den absurde humor som med jevne mellomrom slår igjennom det tidvis så altoppslukende mørke.

Lars Noréns «Kulde» hadde urpremiere på Svenske Riksteatern i mars 2003 og Norén er også regissør for en versjon av «Kulde» som er spilt inn av Sveriges Television.

- |  |                             |
|--|-----------------------------|
| 1968 Kingdon Hotell                        | 1988 Och ge oss skuggorna   |
| 1970 En hungersaga                         | 1989 Sanning och konsekvens |
| 1971 Amala Kamala                          | 1989 Sommar                 |
| 1972 Box ett                               | 1990 Så enkel är kärleken   |
| 1973 Röster                                | 1990 Chinnon                |
| 1973 Fursteslickaren                       | 1991 Den sista kvartetten   |
| 1977 Dräneringen                           | 1991 Tiden är vårt hem      |
| 1978 Modet att döda                        | 1991 Lost and found         |
| 1978 Akt utan nåd                          | 1991 Löven i Vallombrosa    |
| 1979 Depressionen                          | 1992 Moire di -             |
| 1979 Orestes                               | 1992 Sterblich              |
| 1981 En fruktansvärd lycka                 | 1993 Skalv i fjärran        |
| 1981 München - Athen                       | 1994 Rumäner                |
| 1981 Underjordens leende                   | 1994 Blod                   |
| 1982 Natten är dagens mor                  | 1994 En sorts Hades         |
| 1982 Kaos är granne med Gud                | 1994 Kliniken               |
| 1982 Demoner                               | 1994 Trio till tidens ände  |
| 1982 Vilstolen (Aska)                      | 1996 De saknade             |
| 1983 Nattvarden                            | 1997 Personkrets 3:1        |
| 1983 När de brände fjärlar på lilla scenen | 1998 Sju/Tre                |
| 1983 Hämnadaria                            | 1998 Under                  |
| 1984 Stillheten                            | 1998 Skuggpojckarna         |
| 1984 Claudio (Mantegna Portofolio)         | 2000 November               |
| 1985 Komedianerna                          | 2000 Akt                    |
| 1986 Tidens blommor                        | 2000 Kommer och försvinner  |
| 1987 Endagsvarelser                        | 2001 Tristano/Stilla vatten |
| 1987 Hebriana                              | 2001 Detaljer               |
| 1988 Höst och Vinter                       | 2002 Tyst musik             |
| 1988 Bobby Fisher bor i Pasadena           | 2002 Kyla                   |
|  | 2003 Krig                   |

05 -11632



Depotbiblioteket



05sd 11 632

Billetsalget er i gang til Agder Teaters store sommerforestilling i Fjæreheia.

# EMMA

EN MUSIKAL OM  
BARNEVANDRINGENE  
PÅ AGDER.

URPREMIERE 16.JULI  
AGDER TEATER - FJÆREHEIA 2005

[www.agderteater.no](http://www.agderteater.no)

## Sommerens store teatersatsing

Bredt anlagt musikalsk familiedrama om  
barnevandringene på Agder på 1800-tallet



AGDER TEATER  
REGIONTEATER FOR AGDER-FYLKENE

Postboks 1101  
4687 Kristiansand  
Tlf. 38 07 07 50

Billetter: Agder Teaters billettkontor

Tlf. 38 02 43 00 - Faks 38 12 29 29 - Åpningstider: 11.00-19.00 (11.00-14.00)

[billett@agderteater.no](mailto:billett@agderteater.no)

[www.agderteater.no](http://www.agderteater.no)